



Ein fin sjøaure er berga trygt i land.

Sjå fisken, sjå fisken!

– No e' eg så gira at eg e' heilt kvalm! sei-er den første fiskaren «Os og Fusaposten» møter ved butikken til Tønjum klokka 2330 natt til fredag. Opninga av laksesesongen i Oselvo startar klokka 2400 sharp, og gjeitt om han har lopper i blodet! Han skal fiska i 16 timar. – Sova kan eg gjera når eg e' dau!

Anne-Margrethe Matre Hjemdal

Det er ei stund godt med reportarar og tv-team i Oselvo, men til slutt er vi aleine, og får ei triveleg natt saman med fiskarar i alle aldrar, dei fleste menn. Sant å seia er det berre ei dame som er med på den spennande opninga, og ho vert lykkemaskoten til han som dreg avgarde med premiefisken også i år. *Jan Åge Lyssandtræ* får ein 4.8 kilos laks i sone 3 klokka 0038, og på *Hilde Boge* sitt fiskekort.

Tert og sjøaure

Vi startar i sone 2 der *Terje Årdal* og *Yngve Drange* har budd seg på ei lang – og kald – natt. Før eit kvarter er gått har Årdal drege ein tert (laks under tre kilo) og Drange ein fin sjøaure. Det er mest som vi vassflyg i munnen med tanke på avkokt, raud smålaks med agurksalat og rømme til!

På austsida av elva (vegside) held tre mann hus, mellom anna ein som plar dra den første, nemleg *Bård Lyssand*. I år skal han bli snytt, men det veit han ikkje når makken går i vatnet på slaget tolv.

Det skulle vore...

«Os og Fusaposten» – med ein av dei med sterkast laksefeber – *Leif Juvik* – som guide og kjentmann, vandrar vidare etter ei stund i sone to.

Ved kvar bu og på kvart nes, i kvar vik og på kvar hammar har vi stopp. Leifen kjenner alle og må slå av ein prat. Alle klagar på lite vatn i elva, og refrenget er “det skulle vore sist sundag eller måndag”. Leif – som ikkje er mellom dei heldige som får første natta i år – trøystar og fortel om store flak på minst 50 som har passert nedre Os-bruo den siste veka. Ein stad må dei vera, og første natta er det best bet!

Lys og varme

Vi må ned på øvre bru og passerer den oppgira *Jan Arild Milde*. Han fiskar i sone 0, og har enno ikkje fått noko.

Vi fer vidare og klyv oss fram til klekkerihølen der *Jan Røttingen* og *John Thuen* har kaffien klar endå dei ikkje venta avisbesøk. Ly for fossedrivet har dei òg i det gamle klekkeriet.



Er det den største skal tru? Jan Røttingen vonar.

Slik kaffi er god!

John Thuen greier å missa to fiskar. Den eine ein sværing som i følge vår ekspert kan vera alt mellom tre og 10 kilo, den andre ein tert. Forargeleg, men Thuen tek det roleg og Røttingen fortel historier, mellom anna den om han som vart sett midt på natta krypande på plenen. Politiet vart varsla, og ei stund seinare hørde karen (ein av dei andre med konstant og høg fiskefeber) ei røyst bak seg.

Der står lensmannsdrongen i fulle pontifikalier

– Finn du nåke? spør Sperreviken fiskaren som i all uskuldigheit grov makk!

Røttingen humrar.

Piggsvinegg

Ei anna historie er frå jakt på Hardangervidda og handlar om Jakob Hjelle. John Thuen fortel lunt om då jaktlaget fekk nyss om dyr midt i frukosten.

– Den eine hadde ikkje fått i seg speilegget sitt då dei måtte springa. Men då dyra var skotne og jebrane heldt på å flå, kom Jakoben sigande og spurde om det ikkje var så at ein hadde forlist egget sitt.

– Jau, men det vart ikkje tid, sa jegeren.

– Då trekte Jakoben egget opp av lomma. Det såg ut som eit piggsvin kan du skjønna, fullt av tobakksrusk som det var!

Vi forlet karane i klekkerihølen i 04-tida med trua på at vi har fått “live”-bilete av den første laksen. Jan Røttingen landar nemleg to medan vi er der, ein laks på mellom tre og fire kilo, og ein fin sjøaure.

Nyss om “fisken”

Nedanfor klekkeriet ser vi røyken av eit bål, og finn *Brynjar Ulvatne* som grillar pølsebrød og hot-dog og gjer maten klar for *Peter Moesgård* som “står midt i elva i småskor”. “Presten” (til å slå ihel fisk med) ligg klar, men fisken har uteblitt. Her får vi vita om den største og første og skundar oss tilbake til sone 3 der Lyssandtræ er “øvegøven” over å ha landa storfisk her!

Vi får med oss at Terje Årdal og Yngve Drange til saman hadde fått seks før vi forlet “slagmarka”, men går glipp av synet av fire hjortar som i 03-tida vår elva.


Den siste vi snakkar med er ein litt nedblåst *Bjørn Eitrheim* som står under øvre bru og ikkje har fått napp. Men laksen er der, vi ser det kvite på nasen, og dessutan skal han flytta til sone to klokka 0800!

Midt på føremiddagen fredag får vi melding om at den største til no er landa litt nedanfor Tøsdal.

– *Ståle Melhus* har fått ein rugg på mellom 10 og 12 kilo, ropar ein opphissa kar i ein mobiltelefon nestan utan batteri.



Storeguten har landa. Jan Åge Lyssandtræ har gullhår ein viss plass og greidd å bli først for andre året på rad!



Morgonstemning i Oselvo.



Ein må jo ha mat! Brynjar Ulvatne står for ståket medan kameraten “står midt i elva” – i småskor!



Forventningsfullt i klekkerihølen. Leif Juvik og John Thuen trur den første og største kan koma her.

Fisket er i gang. Terje Årdal skal landa den første fisken, men det veit han ikkje enno.

